

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 23.01.18

Frå: Fylkesrådmannen

Vedtektsendring i Sørvest bomvegselskap AS (snart Ferde AS)

Styret i Sørvest Bomvegselskap AS har i sak 45/17 føreslått ei endring i vedtektene for selskapet. Bakgrunnen for endringa er ei avklaring frå Skatteetaten i høve skatteplikt for selskapet, og avklaringa har medført behov for ei presisering i § 12 i vedtektene.

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig selskapet i lag med Hordaland, Rogaland, Vest- og Aust-Agder fylkeskommunar. Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet 4.2 mynde til å gi høyringsfråsegn til vedtektsendringar i aksjeselskap.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til endringa i § 12 i vedtektene for selskapet, og dette vert difor lagt fram under «skriv og melding». Fylkesutvalet har høve til å løfte fram dette som ei eiga sak dersom det er ønskjeleg å gi ein uttale.

Vedlagt ligg informasjon frå Sørvest Bomvegselskap AS angående vedtektsendringa.

Fylkesrådmannen har altså ikkje merknader til vedtektsendringa, og ber no om FU sine ev. merknader.